

Entreprenørar frå Jæren byggjer landbruksbygg i Uskedalen.

10.09.2020



Nesvik Landbruksbygg har alt betong- og snikkerarbeid på landbruksbygga på Leite og på Kjærland. F.v: Stian Nesvik, Hans Reidar Kjærland og dagleg leiar, Sigmund Nesvik.

**Grude Bygg og Nesvik Landbruksbygg er to entreprenørar som har store oppdrag på landbruksbygg i Uskedalen. Begge verksemndene kjem frå Jæren og har spesialisert seg på betongarbeid, rehabilitering, nybygg og påbygg av landbruksbygg. Dette innlegget handlar om Nesvik. Uskedalen.no kjem tilbake med innlegg om Grude frå Klepp på Jæren og med det oppdraget dei har på Haugland, hos Haugland Mjølk og Maskin.**

Nesvik Landbruksbygg kjem frå Vigrestad og har på oppdrag av Hans Reidar Kjærland arbeidet med bygging av fjøs for ungdyra på Leite og overgangen til lausdrift med robot på Kjærland. I tillegg kjem ny gjødselskjellar på Leite. Nesvik Landbruksbygg har alt betongarbeid og førebuande arbeid før Felleskjøpet ferdigstiller og monterer robot.

Sigmund Nesvik saman med sonen Stian driv Nesvik Landbruksbygg. Sigmund har vore i bransjen i over 20 år, dei siste 8 åra i firma slik det framstår i dag. Verksemda er etablert på Vigrestad og har oppdrag i mest heile sør Noreg. Det er 9 faste tilsette, ei blanding av norsk og polsk arbeidskraft. I tillegg leiger dei inn ekstrahjelp.



Bilete syner arbeidet med legging av nytt splateplan.

Veggelementa kjem frå Vigrestad. I Kvinnherad kjøper dei betong frå Dimmelsvik. Mindre innkjøp vert gjort lokalt. Før har Nesvik vore i Kvinnherad på tilsvarande jobbar, på Naterstad i Guddal og hos Eivind Tvedt i Omvikdalen. Oppdraget hos Hans Reidar Kjærland vert rekna som ein mellomstor jobb.

Varemerke til Nesvik er effektiv drift utan slark i framdrifta. Ein god plan er avgjerande for at alt skal gå knirkefritt. Det må ikkje vera lediggang. Kundane kjem for det meste frå Agder, Rogaland og Sunnhordland. Ølen, Etne og Jæren er sentrale arbeidsplassar.

Nesvik er for det meste ferdig med oppdraget i Uskedalen for denne gong. Om nokre veker er det klart for installering av roboten. Det vert gjort av Felleskjøpet. Ola Haugland i Felleskjøpet har prosjektert og teikna landbruksbygga på Leite og på Kjærland.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kristian Bringedal/ Hans Reidar Kjærland



Alt betongarbeidet med ny flor og gjødselskjellar på Leite er gjort av Nesvik Landbruksbygg.